

## **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016**

**Alexander Fosse Andersen (Sp)** sette fram følgjande forslag på vegner av R/SV/A/Sp/KrF/MDG/V/H/Frp:

«Tillegg:

Utvalet er positive til å vurdere å utvide ordninga med skulefrukost på eit seinare tidspunkt dersom prosjektet er vellukka.»

**Dan Stian Femoen (H)** sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 2.

Prosjektet evalueres etter to år.»

Femoen trekte forslaget sitt.

### **Røysting**

Innstillinga med Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sitt forslag om å løyve 1 000 000 til gratis skulefrukost ved Årstad videregående skole frå skulestart 2016. Utvalet er positive til å vurdere å utvide ordninga med skulefrukost på eit seinare tidspunkt dersom prosjektet er vellukka.